

Kirkevalget

8.-9. sep. 2019

NR. 8.2.1

Rettleiing om stemmekrinsar som ikkje samsvarer med soknegrenser

KIRKEVALGREGLENE § 10-2
VALGHÅNDBOKEN kapittel 8.2 - side 90-91

OMGREP

Stemmekrins =

geografisk inndeling som vert nytta ved val. Alle kommunar er delt inn i ein eller fleire stemmekrinsar. Kva stemmekrins du tilhøyrer avgjer kor du kan stemme på valdagen. Ordet valkrins blir av og til også nytta i staden for stemmekrins.

Stemmestad =

vallokale i ein stemmekrins. Det skal vere éin stemmestad i éin stemmekrins.

INNLEIING

Kyrkjevalet følger det kommunane avgjer om tal på stemmekrinsar og kor det skal vere stemmestader. Det er ofte ikkje samsvar mellom soknegrenser og stemmekrinsar. Alle veljarar skal likevel få stemme på vanleg måte på den stemmestaden dei høyrer til.

Kva gjer ein når eit sokn er delt på fleire stemmestader?

Valstyret (soknerådet) har ansvar for at det blir gjennomført val i alle valkretsar i soknet. Det skal gjennomførast ordinært val på alle stemmestadene. Valstyret peikar ut eit stemmestyre for kvar stemmestad (les om stemmestyre i valhandboka

punkt 2.1.2). På kvar stemmestad blir det gjennomført val for ein del av manntalet. I valmodulen i medlemsregisteret kan ein skive ut manntal per stemmestad (retteiing for valmodulen finn du her: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkevalget/for-medarbeidere/valgmodulen/>).

Veljar som bur i soknet og som høyrer til stemmekrinsen: stemma blir imot på vanleg måte der veljaren blir kryssa av i manntalet og legg stemmesetlane i urna.

Veljar som bur i soknet, men høyrer til ein annan stemmekrins må levere stemme i særskilt omslag (fordi han eller ho ikkje står i manntalet på stemmestaden). Les meir om framgangsmåten for stemmer i særskilt omslag i valhandboka punkt 8.8.4.1

Veljar som ikkje bur i soknet: Alle sokn i eit fellesrådsområde kan bli einige om at veljarar kan stemme på valdagen i alle sokn i fellesrådsområdet, jf. kirkevalgreglene § 10–2 (2). Les meir om dette i valhandboka punkt 8.2.1. Dersom det ikkje er avtalt at ein kan stemme i alle sokn i fellesrådsområdet må veljaren visast til det soknet han eller ho høyrer til. Dersom veljaren høyrer til i eit sokn i eit anna fellesrådsområde må han eller ho visast dit.

fortset...

Kva gjer ein når ein stemmestad dekkjer fleire sokn?

«Stemmestyret har ansvar for gjennomføringa av valget i sitt valglokale. Der ein kommunal stemmekrets omfattar deler av fleire sokn, kan disse soknene samarbeide om å gjennomføre valget ved stemmestedet med et felles stemmestyre» (valhandboka s. 25)

Ordninga med felles stemmestyre vil også gjelde dersom det berre er ein stemmekrets i ein kommune med fleire sokn.

I vallokalet bør ein ha separat stemmemottak (med eigne urner) for dei ulike sokna. Dette bør skiltast tydeleg, så veljaren veit kor han/ho skal gå. Manntal og urner for dei ulike sokna bør haldast separat så det blir lett å halde oversikt over kva stemmesetlar som høyrer til kvart sokn. Husk at stemmesetlar både til val av sokneråd og val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet skal teljast opp per sokn. Det er difor viktig at ein ikkje blandar saman stemmesetlane frå ulike sokn.

Vurder lokalt om det er mogleg å ha ulike avlukke for dei ulike sokna, eller om stemmesetlar for alle sokn skal vere tilgjengeleg i dei same avlukka. Her er det viktig å skilte godt så veljaren veit kor han eller ho skal gå. Det må også komme tydeleg fram at veljaren må hugse å velje stemmesetel for riktig sokn.

Kva gjer ein når det ikkje er nokon stemmestad i eit sokn?

Det er ikkje eit krav at stemmestaden geografisk ligg i soknet. Dersom stemmestaden for eit sokn ligg utanfor soknet er valstyret (soknerådet) i soknet likevel ansvarleg for at valet blir gjennomført på stemmestaden. Sjå spørsmålet «Kva gjer ein når ein stemmestad dekkjer fleire sokn?» for informasjon om korleis ein løysar dette i praksis.

Dersom valstyret ønsker at veljarane i soknet skal få sjansen til å stemme i det geografiske området til soknet kan ein gjennomføre val i samband med gudsteneste søndag 8. september. Då tar ein med

seg manntall og urne dit og så må dette transporterast til stemmestaden etterpå. Stemmer blir tatt imot på vanleg måte der veljaren blir kryssa av i manntalet og legg stemmesetlane i urna.

Ein bør også ha førehandsstemming i soknet for å gi veljarane sjansen til å stemme i det geografiske området til eige sokn.